



STATNETT SF
Postboks 4904 Nydalen
0423 OSLO

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	24/7585 - 24/151411	Synnøve Valle - 712 80 239	04.11.2024
2023/420	15.10.2024			
5				

Ørsta kommune - detaljplan for Ørsta transformatorstasjon

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Vi er bedne om å gje innspel til tiltak ved Ørsta transformatorstasjon og nytt kaihakk på Sæbø.


Automatisk freda kulturminne

Vi ber om at det vert sendt over meir detaljerte detaljkart over dei planlagde inngrepa. I konsesjonssøknaden syner ein til at det er påvist ein nedgrodd steinmur ved eit mastepunkt. Vi ønsker å få sendt over kart frå også dette arealet. Dersom det er mogleg er det fint om mastepunktet kan justerast slik det ikkje kjem i konflikt med steinmuren.

Samferdsel

Det har i forbindelse med saka vore ein innleiande dialog mellom tiltakshavar og Møre og Romsdal fylkeskommune som vegmynde for fylkesveg 655 angående moglegheit for midlertidig avkøyrslar frå fylkesvegen i forbindelse med kaihakket på Sæbø.

Fylkesveg 655 er omfatta av reguleringsplan «[Mindre endring – Sæbø sentrum](#)», der avkøyrslar frå fylkesvegen går fram av plankartet:



Midlertidig avkøyrslar som vist i oversendinga vil vere avhengig av dispensasjon frå regulererte avkøyrslar, som må sendast til Ørsta kommune for behandling etter plan- og bygningslova. Vi vil som veigar vere høyringspart i slik dispensasjon.

Vi rår i denne saka til at søkar ber om ei førehandsfråsegn frå fylkeskommunen som veigar før søknad om dispensasjon blir sendt til kommunen for behandling. Saman med førespurnad om førehandsfråsegn ber vi om at følgande dokumentasjon blir lagt fram:

- Informasjon om storleik på køyretøy som skal nytte avkøyrslan, og skildring av kva utforming avkøyrslan må ha for at dimensjonerande køyretøy skal kunne bruke avkøyrslan
- Situasjonsplan som viser plassering og utforming av avkøyrslar samt sporingskurver for køyretøy som skal nytte avkøyrslan
- Opplysningar om kor lenge den midlertidige avkøyrslan vil vere i bruk (start- og sluttidspunkt)
- Informasjon om behov for graving/endring av fortau og kantstein ved busshaldeplassen, samt informasjon om eventuelle andre tiltak som må gjerast (til dømes flytting av innretingar som er i vegen for bruk av avkøyrslan m.m.).

Elles gjer vi merksam på at dersom det skal køyrast tyngre køyretøy på offentlege vegstrekningar enn det veglistene opnar for, må det søkast om dispensasjon frå veglista. For meir informasjon om veglistene og eventuell dispensasjon, sjå: [Veglistar og dispensasjonar](#). For eventuell dispensasjon frå veglistene knytt til fylkesveg, må det innhentast samtykke frå fylkeskommunen som vegeigar før søknad blir sendt til Statens vegvesen.

Med helsing

Torbjørn Lillebø
plansamordnar

Synnøve Valle
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Statens vegvesen

Statsforvaltaren i Møre og

Romsdal

Ørsta kommune

Fagsaksbehandlar:

Samferdsel: rådgivar Lisa Enstad, tlf. 71 28 05 40

Kulturminne: arkeolog Arve Nytun, tlf. 71 28 03 25